



Akvator AS
Kunnskapshuset
5417 STORD

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/1964 - 16/27349

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
03.10.2016

Dispensasjon og endring av løyve - gbnr 229/6 Skår

Administrativt vedtak. Saknr: 476/16

Tiltakshavar: Lerøy Vest AS
Ansvarleg søkjar: Akvator AS
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

Tiltaket

Det er søkt om endring av løyve for utlegging av flytebrygge gjeve 05.06.2012. Opprinneleg plassering var ved enden av sjøfyllinga på areal regulert til *industri og lager* (som ikkje er utfylt). Ny plassering kjem på *offentleg trafikkområde*.

Planføresegner, reguleringsplan:

<http://www.geoweb.no/bpvedlegg/1263/Dokument/1268999440972.pdf>

Plankart:

<http://www.geoweb.no/bpvedlegg/1263/Dokument/1269001197291.pdf>

Det vert elles vist til søknad motteken 15.06.2016.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett då han var motteken. Dispensasjonsøknaden vart sendt på høyring med 4 veker svarfrist. Sakshandsamingsfristen er forlenga med den tida saka har vore på høyring. Fristen er 05.10.2016.

Planstatus, saka gjeld

søknad om endring av løyve med dispensasjon frå arealføremålet i reguleringsplanen *Bjørsvik, landbasert akvakulturanlegg Lerøy Vest AS*, som for det aktuelle sjøarealet er *offentleg trafikkområde*.


Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733



Dispensasjon

Det er søkt dispensasjon med slik grunngeving (utdrag):

Lerøy Vest sitt anlegg i Bjørsvik er avhengig av leveranse sjøvegen med brønnbåtar.

Reguleringsplanen i området opnar for ny kai sør på området, men denne er ikkje bygd. Ein er avhengig av at brønnbåtar må forankrast til ein stabil konstruksjon ved overføring/uttak av fisk frå anlegget til båten. Omsøkt plassering av ny flytebrygge er lokalisert der konstruksjon/røyr for uttak av fisk er etablert og flytebrygga har ei utforming slik at den gir optimal støtte til større

Sjå elles vedlagte søknad.

Uttale frå anna styresmakt

Dispensasjonssøknaden har vore på høyring. Bergen og omland havnevesen har komme med uttale:

Vurdering av dispensasjon

De interesser Bergen og Omland havnevesen er satt til å ivareta etter havne- og farvannsloven synes godt ivaretatt gjennom dispensasjon.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. I tillegg er Bjørsvik bygdelag og Bjørsvik båtlag varsla. Det ligg ikkje føre merknader .

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 25.05.2016.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

VURDERING

Dispensasjon

Det er to vilkår som må vere oppfylt for å gje dispensasjon etter pbl. § 19-2.

For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det vert dispensert frå ikkje verte vesentleg sett tilside. For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regionale rammer, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden, jf. pbl. § 19-2 (4).

Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan setje vilkår for dispensasjonen, jf. pbl. § 19-2. Vilkåra må liggje innafor ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vere ein naturleg samanheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulemper dispensasjonen kan medføre, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.

I vurderinga av fordelar og ulemper har kommunen særleg lagt vekt på at hamnestyresmaktene har komme med positiv uttale, og at det heller ikkje har komme merknader frå naboar eller brukarar av sjøområdet i bjørsvik.

Etter ei samla og konkret vurdering finn kommunen at vilkåra for å gje dispensasjon frå arealbruken i kommuneplanen er oppfylt.

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket har etter kommunen sitt skjønn gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til sin funksjon, og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova §19-1 jf § 19-2 og grunngeving i saksvurderinga vert det gjeve dispensasjon frå pbl § 11-6 (arealføremålet i reguleringsplanen) for plassering av flytebrygge som vist på situasjonsplan datert 25.05.2016 .

Dispensasjonsvedtaket skal sendast til fylkesmannen i Hordaland til klagevurdering og til Bergen og omland havnevesen til orientering.

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve endringsløyve for etablering av flytebrygge på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan 25.05.2016 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Vilkåra i rammeløyve datert 05.06.2012 gjeld vidare.
3. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen før det vert søkt om ferdigattest.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klagerett

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jfr. fvl. § 28. Klagefristen er 3 veker frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagd innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket, og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open (fylkesmannen). Søksmål skal likevel i alle tilhøve kunne reisast når det er gått 6 månadar frå klage fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar si side at klageinstansens avgjerd ikkje føreligg jf. forvaltningsloven § 27 b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 16/1964

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Mellombels bruksløyve/Ferdigattest

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

B-1 Dispensasjonssøknad

D-1 Situasjonsplan - flytebrygge

Kopi til:

Bergen og omland havnevesen	Postboks 6040	5892	BERGEN
Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	Bergen
Lerøy Vest AS	Bontelabo 2	5020	BERGEN

Mottakarar:

Akvator AS	Kunnskapshuset	5417	STORD
------------	----------------	------	-------